

VAL 2011

Nei til meir kraftutbygging i Jostedalen

Luster Venstre seier eit klårt nei til Statkraft sin konsesjonssøknad om å byggje ut dei siste frittrennande elvane på vestsida av Jostedalen og i nedre delen av alt regulerte Vigdøla. Bygdesamfunnet i Jostedalen og Vigdalen har gjeve frå seg nok av dyrebare naturressursar til storsamfunnet.

På 1980-talet vart alle større sideelvar på austsida av Jostedalen og Vigdøla lagt i tunell og overført til Jostedal Kraftverk. Resultatet av dei over 20 bekkeinntaka er turlagde elvefar og fossfall, m.a. er ein gong så mektige Geisdalsfossen redusert til eit sørgjeleg lite vassig.

På vestsida av Jostedalen ligg Leirdøla kraftverk og Tunsbergdalsmagasinet, som vart utbygt på 1970-talet. Statkraft vil no ta dei åtte sideelvane på vestsida av Jostedalen frå og med Myklemyr til og med Tverradøla i Krundalen inn i dette magasinet. Resultatet vil vere skjemma, turlagde elvefar under inntaka og desse blir også liggande midt i

dalsida.

Luster Venstre er partiet i kommunen som klårt seier nei til Statkraftplanane om endå meir kraftutbygging i Jostedalen. Me har og tidlegare gått mot Hydro sine planar om utbygging av Øyane Kraftverk i Fortun. Nok er nok.

Me tek den sterke motstanden blant bygdefolket i Jostedalen mot desse kraftutbyggingsplanane på alvor, ikkje minst er ungdommen sterkt i mot meir kraftutbygging i dalføret som er omgjeve av Jostedalsbreen og Breheimen Nasjonalpark.

Mange av dei utbyggings-truga elvane ligg i mykje brukte turområde, som er viktige både for fastbuande, reiselivet og framtidig tilflytting. For friluftslivet og bygdefolket er det viktig å ha eit turområde fritt for naturinngrep og ikkje minst at komande generasjonar skal få høve til å oppleve frittrennande elvar nær busetnaden i bygda. Det er og viktig at dei komande generasjonane skal ha att turområde i fri natur, det same



gjeld for dei mange aktivitets-bedriftene i reiselivet i Jostedalen. Natur vil bli stadig meir etterspurd. Vår generasjon har gjort nok av store inngrep i vassdraga våre, lat det bli att litt urørt natur for framtida og

komande generasjonar.

Fleire stemmer til Venstre ved dette kommunevalet eit signal til dei andre partia om at Venstre har støtte hjå innbyggjarane og må takast omsyn til. Vil du vera med å hjelpa Venstre til gjennom-

slag i sakene me brenn for, så
STEMMER DU VENSTRE!

For Luster Venstre
Steinar Bruheim
4. kandidat ved
kommunevalet